



Statens vegvesen

Bjørn Karsten Skarsvaag
Røysetvegen 100
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
19/233792-1

Dykkar referanse:

Vår dato:
27.08.2019

Varsel om stopp av pågåande arbeid på gbnr 21/237 på Åsebø i Askøy kommune

Vi viser til ovannemnde arbeid.

Statens vegvesen har fått inn informasjon om at det finn stad arbeid på ovannemnde eigedom på Åsebø i Askøy kommune. Slik vi oppfattar arbeidet er ein i ferd med å opparbeide ein avkøyrsløype på Fv 562 frå gbnr 21/237. Arbeidet har funne stad på og ved Fv 562 i ei 80 sone, der fartsnivået er høgt.

Slik arbeidet som er utført er det å oppfatte som ulovleg, då det ikkje er sendt inn søknad med arbeidsvarslingsplan til Statens vegvesen. Statens vegvesen har ikkje motteke søknad om etablering av avkøyrsløype på Fv 562. Tiltaket er søknadspliktig. Vi ber om at eventuelt avkøyrsløype på eigedomen vert dokumentert. Statens vegvesen har ikkje dokumentasjon på at det er gjeve løyve til avkøyrsløype på gbnr 21/237.

Vi gjer merksam på at utført arbeid på staden er gjort med fare for eige og brukarane av Fv 562 sin tryggleik. Arbeidet er utført utan naudsynt sikringstiltak og utan godkjenning frå Statens vegvesen. Politiet har vore på staden for å stanse arbeidet 22.08.19. Det var då ikkje aktivitet på staden. Vi gjer klart at alt arbeid på staden skal opphøre straks. Ikkje noko arbeid skal finne stad på plassen før naudsynte godkjenningar frå Statens vegvesen ligg føre. Bilde dokumentasjon frå staden følgjer under.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Parkert gravemaskin på gbnr 21/237



Anlagt veg frå gbnr 21/237 inn mot Fv 562.



Arbeid på staden 21.08.19



Trafikk forbi avkøyringspunktet på Fv 562.

Samanfatning

Ovannemnde arbeid er utført utan naudsynte løyver frå Statens vegvesen, både når det gjeld arbeidsvarsling og etablering av avkøyrsløse, jfr Veglova § 40–43. Arbeidet er å oppfatte som ulovleg. Det er utført med fare for liv og helse for dei som ferdast på Fv 562 og dei som har utført arbeidet. Arbeidet skal straks opphøre. Politiet har vore på staden for å stogge arbeidet. Vi ber om at det straks vert teke kontakt med Statens vegvesen om ovannemnde arbeid.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Bødal Sigmund
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
ASKØY KOMMUNE, Klampavikvegen 1, 5300 KLEPPESTØ